

## **Fysikalsk medisin og rehabilitering (FMR):**

Fagområdet Fysikalsk medisin og rehabilitering (FMR) er på FSS samorganisert med fagområda nevrologi og revmatologi i «Avdeling for nevrologi, revmatologi og rehabilitering» (ANRR), der kvart av fagområda utgjer ein eigen seksjon.

FMR har i dag ein sengepost med 6 sengeplassar øyremerka for rehabiliteringsopphald, og ein tverrfagleg poliklinikk (FMR pol) som fungerer både som fysikalsk-medisinsk poliklinikk og som rehabiliteringspoliklinikk.

### **FMR sengepost:**

Rehabiliteringsopphald på FMR sengepost er mest aktuelt etter akuttopphald i sjukehus. Aktuelle målgrupper er slagpasientar, hovudskadepasientar, multitraumepasientar, pasientar med ryggmargsskade, multiorgansviktpasientar, og amputasjonspasientar.

Rehabiliteringsopphald i sjukehus er aktuelt når det er særskilt behov for kompetanse, intensitet i tilbod, eller tilgang på spesialisert utstyr til bruk i rehabiliteringa.

Det er ein føresetnad for opphald at pasienten vert vurdert å ha eit rehabiliteringspotensiale.

Pasientar som normalt skal rehabiliterast i kommunehelsetenesta, vil ikkje bli prioriterte.

### **FMR poliklinikk:**

Som fysikalsk-medisinsk poliklinikk er dette først og fremst eit tilbod for pasientar med langvarige muskel-skjelettsmerter som ikkje skuldast ortopediske, revmatologiske eller nevrologiske lidingar/ tilstandar. Dei vil kunne tilvisast for diagnostisk avklaring og behandling/ rehabilitering, viss fastlege/ primærlege treng hjelp fra spesialisthelsetenesta for å kome vidare. (Pasientar i denne gruppa som står i fare for å falle ut av arbeidslivet, kan tilvisast under ordninga Raskare tilbake.)

Dei smertetilstandane som hyppigast vert tilvist til ein fys.med.poliklinikk er:

- utbreidde muskel-skjelettsmerter
- nakkesmerter
- skuldersmerter
- ryggsmertar
- bekkensmerter/ hoftesmerter
- smertetilstandar i ekstremitetar.

Hjå mange av pasientane vil bakanforliggjande problemstillingar ofte vere komplekse og samansette, og pasientane vil då kunne ha nytte av tverrfagleg utgreiing/ behandling/ rehabilitering. Utanom legespesialist i fysikalsk medisin og rehabilitering, har poliklinikken også tilgang på sosionom, ergoterapeut, og fysioterapeut, som vil delta etter behov.

Som rehabiliteringspoliklinikk vil vi kunne tilby polikliniske vurderingar av pasientar som er innanfor målgruppene for rehab.sengepost (jmf ovanfor), i dei tilfella dette ikkje kan takast hand om i kommunehelsetenesta.

FMR pol vil også kunne utarbeida spesialisterklæringar på oppdrag frå NAV, forsikringsselskap, o.a., innanfor problemstillingar som naturleg høyrer heime under FMR.